

INNVOLLSPARASITTAR PÅ SAU



Rundorm

- Store geografiske variasjonar – ca. 15 ulike arter i løpen, tykk- og tynntarm
- Nokre overlever som egg på beite gjennom vinteren, nokre overlever bare i tarmen til sauene
- **VIKTIG!** Dei som overlever som egg gjennom vinter -> smitte lam på vårbeite -> 2-3 veker vil desse lamme smitte ut beite med nye egg = **EKSPLOSJON**

- **Haemonchus contortus** -> blodsugande rundorm
- Overvintrer ikkje på beite
- Dyr blir oftast klinisk sjuke på seinsommar/haust
- TYPISK bleike slimhinner, pose under haka, avmagra



- **Nematodirus battus** → overlever på beite gjennom vinter
- Treng frost for å utvikle larve som kan smitte nye lam
- Typisk ungdyr-parasitt
- Klekker rundt 10 grader C
- TYPISK mørk diarè og dehydrerte (10-12 dager etter smitte)

- VIKTIG! Diarè frå N.battus er lik diarè frå koksidiøse

- **Eimeria/ koksidiøse** -> ein av dei første parasittane som kan smitte lam på vårbeite
- TYPISK mørk, blodtilblanda diarè 2-3 v etter beiteslepp
- Lam vert fort immune, men dyr fødd seint på våren/ nedsatt immunforsvar er utsette
- Sjuke dyr som overlever har ofte store skadar på tarm som gjer at tilvekst stoppar opp

- **Gode førebyggjande tiltak;**

- råmjølk, god hygiene
- beite
- Baycox



- **Fasciola hepatica/stor leverikte** → treng snegle for å formeire seg, sauen er endestasjonen
- VIKTIG! Difor bare problem på fuktige beite og over 10 gr C
- Som oftast problem på seinsommar/haust og/eller i innefôringsperioden
- Lik symptom som H.contortus -> avmagra, pose under haka, bleike
- Kronisk sjuke dyr vanleg -> dyr som ein slit med å halde i godt hald
- Grøfting/gjerde ute fuktige område er gode tiltak

KORLEIS BEHANDLE OG NÅR?

- Viktig å få oversikt over si eiga besetning!
- Avføringsprøver er lette for produsenten å ta sjølv

Tidspunkt for prøvetaking Kva slags dyr?	Når er prøvetaking aktuelt?	Kva gjev det informasjon om?
Haust. Ca første veke etter heime frå beite Lam	Dersom mistanke om parasittar i utmark (dårleg tilvekst, diarè, tap av lam)	Smittepress i utmark Om lam treng behandling for å sikre god tilvekst utover hausten
Vinter Sau	Dersom symptom	
Vår Sau (ca 1-2 v etter lembing)	Mest med Heamonchus-problem og/eller for å vurdere behandling v/innsett	Parasittbelastning hjå sauene Effekt av innsettbehandling
Vår Lam med diarè på beite	Utgreiing av sjukdom (koksidiøse og N.battus)	Årsak til diarè
Vår Sau (vaksne og åringar)	Viktig med prøvetaking for å sjå om denne behandlinga er aktuell	Behandlingsbehov før slepp i utmark
Sommar Sau på innmarksbeite	Viktig med prøvetaking for å unngå unødvendig behandling	Smittepress og behandlingsbehov på innmarksbeite

KJERNEBEHANDLING

- **Haust** -> Livdyr (påsettlam og vaksne sauer) behandlast før paring. Helst etter innsett dersom sauene er oppstalla inne på vinter og helst etter første frost dersom dei går ute/delvis ute på vinter
- **Vår**-> Lam behandlast med slepp i utmark eller 3-5 v etter slepp på vårbeite dersom dei går på innmark om sommaren
- **Heilårs utegong (villsaudrift)**-> Mest aktuelt å behandle lam i forbindelse med klypping og slepp på sommarbeite (vaksne skal i utg.pkt ikkje behandlast, med mindre dei har symptom)

KVA SKAL EIN BEHANDLE MED?

- To grupper:

1. Panacur, Valbazen & Curaverem -> effektive mot dei fleste typar rundorm, nokre mot leverikter

2. Ivomec, Ivermax, Dectomax → effektive mot dei fleste typar rundorm, ikkje mot leverikter

VIKTIG! Anbefalt å byte mellom desse to gruppene 2.-3. kvart år for å unngå resistens

VIKTIG! Gjev nok medisin (veg det tyngste dyret og dosèr etter den)

Heile dosen skal svelgast!

Oppbevar medisinen rett (temperatur)

BAYCOX/BAYCOXINE/CHANOX

- Behandling av lam som førebyggjing mot **koksidiose**
- Anbefaling er puljevis behandling ei veke etter utslepp
- Ved sjukdom i perioden rundt utslepp (mest aktuelt i flokkar som står lenge inne på tett golv) er det anbefalt med puljevis behandling v/utslepp
- Erfaring frå tidlegare år i eiga besetning er nyttig å ta med

- Noreg er det første landet i verda der det er påvist resistens mot toltrazuril (virkestoffet i Baycox/Baycoxine/Chanox)
- Det finnast per i dag INGEN alternativ mot koksidiøse
- Difor svært viktig å vurdere behovet for behandling
- Mange behandlar alle lam kvart år uten å vurdere behovet. Pga. høgt smittepress pga. intensiv bruk på vårbeita er dette ofte nødvendig, MEN hjå ein del kan ein redusere behandlingsbehovet

TAKK FOR MEG OG GOD LEMMING!

